



## ÅRSRAPPORT 2021



## Innhald

Innleiing _____	3
Visjon og verdiar _____	6
Tiltak _____	7
Organisasjon _____	16
Oversikt over arbeidsfelt i verksemda _____	21
Utvikling og samarbeid _____	25
Kompetanseheving _____	28
Sertifisering _____	29



**Filming for TV Bra sin  
julesending 2021. Foto:  
Gløde AS**

## Innleiing

Gløde sitt samfunnsoppdrag er å gje tilbod til personar som står på utsida av arbeidslivet. Dette er eit oppdrag vi tar på alvor og arbeidar for å løysa på best mogleg måte. Hovudoppdragsgjevar er NAV, men vi servar også mange andre viktige aktørar, samarbeidspartar og oppdragsgjevarar; til dømes kommunane, privat næringsliv og privatpersonar.

Heile verda har også i år vore prega av ein pandemi. Dette har også påverka Gløde i stor grad. Det har vore krevjande å oppretthalde like gode tenester, når restriksjonane oppmodar oss til å halde fysisk distanse, og vi er også råka økonomisk ved at ein del av våre produkt og tenester vert mindre etterspurt pga. restriksjonar. Vi har forsøkt å kompensere med ulike tiltak for å oppretthalde eit godt tenestetilbod.

### **Omorganisering**

Gløde har som følgje av Nav si innskjerpa tolking av godkjenningskrav for attføringsverksemdar, måtta omorganisera verksemda og skilja ut verksemd som ikkje er uløysleg knytt til attføring. For Gløde sin del dreier det seg om utleige av leilegheiter, samt møte- og festlokale. Dette gjer at vi frå årskiftet har flytta attføringsverksemda over i eit dotterselskap: Gløde Arbeidsinkludering, og eigedomane vert igjen i Gløde AS. Seinare vil vi også skifta namn på selskapet. Dette har vore ein kostbar, tidkrevjande og komplisert prosess som måtte gjennomførast for å oppretthalde godkjenninga som tiltaksverksemd.

### **Gløde satsar offensivt**

Gløde har også 2021 jobba aktivt for å gje våre deltakarar best moglege tenester og tilbod. Fagleg oppdatering og evne til tilpassing og omstilling står sentralt for å levera eit godt og oppdatert tilbod. Gløde ønskjer å vera synlege, og vi er aktiv på sosiale media for å synleggjere både produkt og tenester.

Gløde leverte i november 21 tilbod på kantinetenester på Helsehuset i Knarvik og vant dette. Dette inneber at vi ila. våren startar kantinedrift og cateringtenester der. Helsehuset har 250 tilsette og vert dagleg besøkt av 600 personar utanom. I tillegg vert møteromma nytta av egne og eksterne aktørar. Gløde ser fram til dette og ser at dette vil verta ein svært god treningsarena for våre deltakarar i ulike tiltak.

På grunn av korona har det vore nokre utfordrande år når det gjeld samhandling med næringslivet og utplassering av deltakarar. Mot slutten av året opna samfunnet meir opp og det vart større etterspurnad etter arbeidskraft i næringslivet. Gløde vil satsa på utstrekt kontakt og samhandling mellom verksemda og næringsliv.

### **Covid19 pandemien**

Pandemien har dessverre prega året som har gått med betydeleg tap av arbeidsoppgåver og inntekt og det er spesielt jobbfrukt, catering og transport som vart sterkast råka.

Inntektstapet vart delvis kompensert av kommunale tilskot, men det utgjer berre ein del av den omsetjingssvikten som koronapandemien har medført. Dette er ein svært krevjande situasjon som krev ei betydeleg omlegging både på kort og lang sikt.

For å oppretthalde tilbodet og sikre etterleving av smittevernkrava er tilbodet på garden oppretthalddt i perioden og er etablert som eit varig arbeidsområde i Gløde, spesielt for dei deltakarar som treng ekstra bistand. Og tilpassing.

## Miljøsatsing står sentralt i Gløde si omstilling

Gløde har ein klar miljøprofil, vi har ein bevisst haldning til vårt miljøansvar, og har utvikla fleire arbeidsområde innan dette feltet. Vi har satsa på elbilar og har i løpet av 2021 kjøpt to brukte elbilar til persontransport som hovudsakleg nyttast mellom Gløde og gardstilbodet.

Vi satsar også vidare på gjenbruk innan fleire felt: Gjenbruk av bygningsmateriell til bruk i eigenproduksjon og/eller sal. Dataprojekt knytt til mottak av brukt datautstyr for sletting av data og klargjering for gjenbruk og sal eller til sikker avfallshandtering.

Gløde tek imot, hentar eller kjøper el. kablar for å skilja koppar og aluminium frå isolasjonsmaterialet. Dette mogeleggjir gjenbruk av kobbar og aluminium.

Gamle aviser vert opptenningsrullar, og gamle sengeklede som vert filleryar.

Alt dette er eit felt innan miljø vi kjem til å satsa enda meir på i komande år. Gløde er sertifisert som Miljøfyrtårn til april 2022.

## Lokalt samarbeid

ASVL-verksemdene i Nordhordland står saman for å bygge eit sterkt og godt tilbod til målgruppene våre. Vi oppfatar oss ikkje som konkurrentar, men supplement til kvarandre. Det er faste treff for daglege leiarar som sikrar samarbeid og felles opplæring av tilsette.

Gløde har også eit aktivt medlemskap i Nordhordland Næringslag. Utvikling- og marknadsleiar er med i nettverk for mellomleiarar



(Link). Dagleg leiar er med i nettverk for daglege leiarar (Tryggare styring)

## AFT-tiltaket

Gløde har i løpet av 2021 fått redusert tiltaksramma frå 42 plassar for årsskiftet til, 38 plassar frå 1.1.21 og 36 plassar frå 1.7. 21. Arbeidsførebuande trening, (AFT), er eit viktig og godt tiltak for dei som treng ekstra tett oppfølging for å verta avklart, og førebu seg på arbeidslivet. Her får deltakarar individuell tilpassing og den tid dei treng for å komme inn i

arbeidsmarknaden. Det vert arbeida

systematisk og godt med innhald og gjennomføring av tiltaket. Tilpassing og optimalisering av interne arenaer gir gode resultat. Organisasjonen er tilpassa tiltaket og personalopplæring er gjennomført. Jamleg vert det gjennomført evalueringar for å få ein best mogeleg bruk av dei interne arenaene. Det er etablert faste møter med Nav for utveksla erfaringar og få direkte tilbakemeldingar på tenestene, noko som er viktig for å utvikla og justera tenestetilbodet. Nav har også sagt opp 5 AFT-plassar knytt til Grønt Arbeid på Træland Gard pga. at desse i liten grad har vært nytta seinare år. Gløde har meddelt at vi ønskjer å vera ein tilbydar av tilsvarande AFT-tiltak viss det vert oppretta andre stader i distriktet.

## VTA-tiltaket

Sikring av kvalitet og utvikling av VTA-tiltaket er viktig for Gløde. Vi har vektlagt meir samarbeid med bedrifter i nærmiljøet og har arbeidstakarar som prøver seg ut i ordinært arbeid. Ein deltakar gjekk frå VTA-tiltaket til VTO i 2021. Vi har også inngått læreavtale med ein deltakar i VTA der målet er fullt fagbrev innan logistikkfaget. Dette er eit satsingsområde i Gløde, og vi vil jobba for å oppretta fleire lærekandidatløp i verksemda.

# INNLEIING

## **Drift og økonomi**

2021 vart svært økonomisk krevjande grunna tap av inntekter som følge av færre tiltaksplassar og konsekvensane av pandemien. Vi har ikkje har klart å kompensera med andre inntekter og redusera kostnadane tilsvarende raskt. Spesielt var starten av 2021 svært krevjande. Alle avdelingar og arbeidsområde er gjennomgått med tanke på å sikre økonomisk berekraft. Mellom anna måtte vi redusere personalutgiftene våre i 2021. Arbeidet har gitt resultat, men det er framleis utfordringar. Vi håpar nå å sjå enden på pandemien og vil jobbe for å byggje oss opp att innanfor forretningsområda våre.

## Visjon og verdier

Gjennom arbeid og tenester skal vi styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine. Det er vår visjon. Vi lukkast i den grad den enkelte lukkast i å nå sine mål.

Vi er svært opptatt av verdiane som er nedfelt i vedtektene våre. Desse seier mykje om kva vi står for og jobbar for:

**ALLE ER UNIKE OG LIKEVERDIGE OG  
ALLE SKAL OPPELEVA MEISTRING**

**ALLE KAN ARBEIDE  
ALLE KAN UTVIKLE SEG  
ALLE KAN GJERE EIN FORSKJELL**

### Alle kan arbeide

Arbeidslinja er sentral i den norske velferdsstaten. Gløde vil, og skal, støtte opp om dette. Det er ikkje sagt at alle skal arbeide, men vi skal motivere og leggje til rette for alle som vil arbeide, og ikkje gje oss før dei får det til. Vi skal stille oss på deltakers side og saman utforske moglegheitene. Vår vide definisjon av arbeid er: Ein prosess som fører til verdiauke av varer og tenester som skal ut i ein marknad.

### Alle kan utvikle seg

Vår visjon er «gjennom arbeid og tenester å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine.» Vi er overtydd om at alle kan utvikle seg dersom forholda vert lagt til rette. Det handlar mellom anna om at den enkelte blir sett, blir utfordra og blir heia på. Dette gjeld-også Gløde sin stab. Vi skal vere ein lærande organisasjon som stadig utviklar seg gjennom at den enkelte utviklar seg.

### Alle kan gjere ein forskjell

Alle gjer ein forskjell! Det handlar om sjå den enkelte, sette lys på kvar enkelt si betyding, og gi rom for kvar enkelt si unikheit. Vi er overtydd om at når personar bli akseptert for den dei er, trivst

og kan nytte sine ressursar, vil dei gjere ein forskjell. Vi tenker at kvar enkelt er viktige brikker i det totale puslespelet. Alle tilsette i Gløde skal gjere ein positiv forskjell i samfunnet og for den einskilde deltakar.

## Formålsparagraf i vedtektene

### § 2. Formål

Gløde AS sitt formål er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i samband med dette.

Vår målsetjing er gjennom arbeid og tenester å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine.

Vår målgruppe er personar som treng: Varig tilrettelagt arbeid, arbeidstrening, avklaring, opplæring og hjelp til å komme ut i ordinært arbeid.

Med arbeid meiner vi ein prosess som fører til verdiauke av varer og tenester som skal ut i ein marknad.

Gløde AS kan delta i andre selskap.

### § 3 Verdigrunnlag

Alle kan utvikle seg

Alle kan gjere ein forskjell

Alle kan arbeide»



## Tiltak

Samfunnsoppdraget til Gløde er å hjelpe menneske som er utanfor arbeidslivet attende i arbeid, eller over til andre varige løysingar. Vi skal også tilby varig tilrettelagde arbeidsplassar til dei som treng det. Dette gjer vi gjennom ulike arbeidsmarknadstiltak for Nav. Vi har bygd opp kvalitetssikring av alle prosessar etter kravspesifikasjonane frå Nav. Brukarmedverknad står sentralt, og alle deltakarar er med på å utarbeide sine aktivitets-/tiltaksplanar og å definera kva nivå som skal settast når det gjeld forventningar og krav.

For dei midlertidige tiltaka er målestokken den ordinære arbeidsmarknaden, og arbeidspraksis vert i større grad lagt eksternt i ordinær verksemd. Dei interne arbeidsområda blir først og fremst sett på som eit verktøy for deltakar sin kartlegging, plan og progresjon. Det vert gjort individuelle vurderingar om arbeidsoppgåvene er reelle og hensiktsmessig for deltakarar.

Frå 2020 er Gløde godkjend opplæringsbedrift innan faga ernæringskokk (institusjonskokk), restaurantkokk, møbelsnikkar, logistikk og kontor- og administrasjon. På dei ulike arenaene vert det arbeida etter fagplanar for desse faga, men med tilpassingar til kvar einskild arbeidstakar. Det er og plukka ut mål frå andre læreplanar vi ser det er aktuelt å bruke i Gløde: Trelastfaget, glasshandverkarfaget, salsfaget, handvevarfaget, byggdriftarfag (vaktmeister) og helsearbeidarfaget.

Personvern står også sterkt i Gløde: Vi har underteikna databehandlaravtale med NAV, Proplan, Upheads, IKT Nordhordland og mange andre. Vi har jobba mykje med GDPR, og vi har tilslutta oss bransjenorma som er utvikla i samarbeid med blant annet Arbeid & Inkludering og ASVL.

## VARIG TILRETTELAGT ARBEID (VTA)

Gløde har 25 plassar i VTA-tiltaket. Etter fleire år med stabil arbeidsstokk i VTA, har det i dei siste to åra vore ein del utskiftingar.

Antall per 01.01.2021	30
Starta i perioden	7
Slutta i perioden	5
Overgang til aktive løysingar (VTO)	1
Alderspensjon/avtalefestet pensjon	1
Manglande frammøte/stabilitet	2
Andre høve	4
Antall per 31.12.2021	28

Ved inngangen av 2021 var det 30 personar i tiltaket og alle plassane vart nytta, ved utgangen av 2021 var også alle plassane vore nytta med personar i tiltaket. Av disse har 22 personar mellom 50-100% stilling og opptar heile VTA-plassar og 6 personar har inntil ein 49% VTA-plass og opptar halve VTA-plassar.

Gløde har ved utgangen av året 12 på venteliste til VTA.

Det har vore ein del utskiftingar i VTA i 2021 som følge av at ein gjekk til VTO-tiltak i ordinær verksemd, 4 personar har hatt permisjon og 3 av desse slutta etter avslutta permisjon, 2 av helsemessige grunnar og 1 gjekk til VTO-tiltaket.

Gløde tilbyr tilrettelagt arbeid innan følgjande arbeidsområde:

- Kjøkken / kantine
- Vaktmeister/driftsoperatør
- Trearbeid
- Gjenbruk
- Lager / logistikk
- Pakkearbeid
- Monteringsarbeid
- Tekstil/glas
- Internt vaskeri
- Fruktavdeling (skulefrukt / jobbfrukt)

- Transport avdeling
- Kontor- og administrasjon
- Butikk

Rettleiing av den enkelte vert tatt hand om av arbeidsleiar, med støtte frå avdelingsleiar og fagansvarleg for attføring. I tillegg har vi tilsett miljøterapeut med høgskuleutdanning innan helsefag som tek del i oppfølging, tilrettelegging og utarbeiding av planar for den enkelte. Vi har ein godt kvalifisert arbeidsstokk som sikrar god oppfølging og kvalitetssikring av tiltaket. Nav Alver gjennomførte hausten 21 samtalar med deltakarane i VTA for å følge opp den enkelte sak i tråd med kravspesifikasjonen. Gløde opplever at dette var bra for alle partar.

Det er daglege produksjonsplanleggingsmøter på alle arbeidsstadane, då vert dagens arbeid drøfta og planlagt og fordelt. Dette gjev arbeidstakarane moglegheit for påverknad over eigen arbeidssituasjon, samt at verksemda får god styring over dei ressursar som til ei kvar tid er tilgjengeleg. Totalt sett er dette med og styrkjer brukarmedverknaden for dei som er i dette tiltaket.

Gløde har hatt fleire personar utplassert i eksterne verksemdar gjennom året, i butikkar, hjå frisør og vi har også etablert eit godt samarbeid med ein lokal verksemd som lagar og held ved like presenningar som vert nytta i oppdrettsnæringa. Vi har gjennom sommaren og hausten hatt fleire personar utleidd til denne verksemda. Ein person gjekk over i VTO etter praksisperiode og har nå permisjon frå stillinga i VTA.

Vi har eit godt samarbeid internt mellom avdelingane og med AFT-avdelinga for å styrka opplæringa med utgangspunkt i fagopplæringsplanar. Dette arbeidet skal vidareførast i 2022. Gløde er med i eit prosjekt gjennom Vestland fylke, som har som mål å tilby ei meir målretta opplæring til ovannemnte målgruppe. Vi har og som mål å tilby lærekontrakt til fleire av våre VTA deltakarar, med målsetjing om kompetanseheving for den einskilde. Gløde

har inngått ordinær lærekontrakt med ein deltakar i VTA innan logistikkfaget.

Vi vektlegg individuell tilpassing av kvar enkelt sin arbeidsdag med moglegheit til å jobbe innanfor fleire av dei ulike arbeidsområda som vi har. Vi erfarer at enkelte som har vore lenge i tiltaket har fått større oppfølgingsbehov. Gløde har ein pågåande dialog med Nav og Alver kommune om fleire deltakarar som vurderast å falle utanfor oppfølgingsnormen som gjeld for VTA-tiltaket, ein rettleiar pr. 5 deltakarar. Vi jobbar for å finna saumløyse overgangar for den einskilde og håpar å gjennom dette å kunne skapa rom til fleire av dei som er på ventelista.

Det er gjennomført fleire fellesmøte på dei ulike avdelingane. Arbeidstakarane er representert i vernearbeidet gjennom kontaktpersonar på kvar avdeling. Bedrifta har ei trivselsgruppe beståande av to valde arbeidstakarar og to ordinært tilsette. Desse jobbar med ulike trivselstiltak i bedrifta. Arbeidstakarane har også vald ein representant til bedrifta sitt styre og ein tillitsvalt og sekretær som skal ivareta arbeidstakarane sine interesser.

På grunn av pandemien har vi gjennomført sosiale arrangement i mindre grupper enn vi elles ville gjort. Vi hadde eit artig prosjekt med ein virtuell gåtur til Nordkapp. Vi samla saman og summerte skritt frå deltakarar og tilsette og visualiserte dette på ein vegg i avdelinga. Vi besøkte ulike verksemdar via teams på veggen. Det vart også gjennomført sommarsamling og felles samankomst til jul. Vi har som mål å få til ulike tilstellingar i 2022, også saman med dei andre vekstverksemdene i distriktet.

## KOMMUNALE TILRETTELAGTE ARBEIDSPlassAR (KTA) VED GLØDE

Gløde har ved utgangen av 2021, 13 personar i KTA-tiltaket - Kommunalt tilrettelagt arbeid. Tiltaket er retta mot personar som har behov for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging (ofte 1:1). Målet er at deltakarane på kommunale



plassar må vere i stand til å utføre delar av eit arbeid.

Tiltaket er 100 % finansiert av innsøkande kommunar, og satsen er satt i forhold til den enkelte sitt oppfølgingsbehov.

Oppfølgingsbehovet vert fastsett ut frå søknad og ein utprøvningsperiode ved Gløde. Avtalen til den einskilde vert evaluert årleg mellom partane.

Dei individuelle behova er styrande for tilbode til den enkelte deltakar med eigne dagsplanar over arbeid og aktivitet. For mange inngår også fysisk trening som ein del av dagsinnhaldet. Det er starta eit arbeid mellom Alver og Gløde, KIM og Aufera for å få felles retningslinjer og finansiering av KTA-tilbodet i kommunen. Dette arbeidet vil halde fram i 2022.

## Gardsarbeid

Gløde har inngått avtale om disponering av Thorsheim Gard på Søreide i Alver. Vi kan bruke driftsbygning, hus og grunn på gardsbruket. Faren for koronasmitte gjer at ein må halde avstand, unngå fysisk kontakt, samt halde seg til si gruppe og ha auka fokus på reinhald og personleg hygiene. Det er ikkje alle som har føresetnader for å forstå dette. Gløde så at vi ikkje kunne gje eit tilbod til denne gruppa i våre lokal pga. at det ble for tett, og at det ville vere vanskeleg å halde enkelte på sin plass. For å kunne opne raskare og gje eit godt og smittevernlagleg tilbod til fleire, valde vi å tilby gardsarbeid til denne gruppa. Dette tilbodet er spesielt mynta på deltakarar med stort oppfølgingsbehov og personar som trivst ute.

Samarbeidet gjev nye moglegheiter for ulikt arbeid, og fysisk arbeid og mosjon i eit nært, trygt og godt fellesskap. På garden har vi høns og moglegheiter for dyrking av grønsaker og potet, og det er skogs- og vedarbeid. I tillegg har vi flytta jordpakkinga for Mikrogrønt ut på garden, og vi har også enkelt vedlikehaldsarbeid og enkel snekring. Vi ser at fleire arbeidstakarar har hatt ein svært positiv utvikling i form av mindre uønskt åtferd, og vesentleg meir motivasjon og større

arbeidsevne. Gløde vil halde fram med denne type aktivitet, også etter at koronarestriksjonane er oppheva.

## METODAR I TILTAKET:

- Individuell rettleiing/ medarbeidersamtale
- Utarbeide aktivitetsplanar
- Dagsplanar/ «teach metode»
- Sosial trening og opplæring i sosiale ferdigheiter og karriereferdigheiter
- Samarbeidsmøte / ansvarsmøter
- Konsekvenspedagogikk
- Empowerment
- Motiverande samtaler, bygger på MI metoden
- Relasjonsleiing
- Opplæring og grunnleggande praksis tilpassa deltakar sine føresetnader, ynskjer og behov



Foto: Gløde AS

## ARBEIDSFØREBUANDE TRENING (AFT)

Gløde er godkjend leverandør av tiltaket Arbeidsførebuande Trening (AFT).

Vi har i 2021 gått frå å ha 42 tildelte plassar til 36 plassar frå 01.07.2021.

Tiltaket AFT er eit tilbod i samsvar med NAV sin kravspesifikasjon for tiltaksarrangørar. Målgruppa er personar med nedsett arbeidsevne og samansette bistandsbehov. Ideelt resultatmålet når det gjeld formidling, er 50 % overgang til arbeid eller utdanning.

Gløde tilbyr individuell skreddarsaum for kvar deltakar for å kunne møte ulike behov, slik som helsemessige og sosiale utfordringar, svake grunnleggande ferdigheiter og liten eller ingen arbeidserfaring.

Gløde sin filosofi for tiltaket er

- Vi skal ha eit klart jobbfokus (ordinært arbeid under ordinære vilkår er målet)
- Vi skal vere målretta, strukturerte og tidseffektive
- Det skal vere ein kvalitetssikra prosess
- Alle delar av tiltaket skal halde høg fagleg kvalitet og byggje opp under hovudmålsettinga
- Vi skal vere bruakarsentrert (deltakar eig sin prosess fram mot arbeid)
- Deltakar og NAV skal sitje att med ein meirverdi etter tiltaket
- Ordinært arbeidsliv er vår viktigaste samarbeidspart for å lukkast i AFT



**Foto: Gløde AS**

Oppfølgingsmetodikken i AFT byggjer på Supported Employment (SE), ei metodisk tilnærming for å sikre at menneske med funksjonsnedsetting/utsette grupper får tilgang til arbeid og opprettheld betalt arbeid på den opne arbeidsmarknaden. SE handlar om å raskt finne jobb som passar for arbeidssøkar, gi nødvendig opplæring og rettleiing på praksisstaden, samt å utvikle og vedlikehalde arbeidsforholdet. Gløde bruker mykje av strukturen og tankegodset i SE for å få til best mogeleg arbeidsinkludering.

Tiltaket inneheld et individuelt fokus der måla vert delt inn i delmål. Tiltaket har eit tidsperspektiv som har stor betydning for å nå måla som kvar enkelt set seg. Tiltaket inneheld individuelle samtalar, kurs i gruppe og/eller individuelt tilpassa, karriererettleiing med bruk av ulike digitale og fysiske verktøy, opplæring, intern og ekstern praksis med tett oppfølging, moglegheiter til å oppnå mål/ og eller kompetansebevis i høve læreplanar, formidling til ordinært arbeid, oppfølging i ordinært arbeid, avklaring.

### Tilbod i skjerma arbeidsmiljø

Gløde har tilbod om arbeidsevneutprøving i skjerma arbeidsmiljø innan arbeidsfelta

- Kjøkken / kantine / catering
- Drift og vedlikehald
- Trearbeid/Materialgjennbruk

# TILTAK

- Lager og Logistikk
- Transport
- Fruktavdeling (skulefrukt og jobbfrukt)
- Kontor- og administrasjon
- Helsefag/Miljøarbeid
- Glas/tekstil
- Data/IKT

Nokre av desse arbeidsmiljø vert brukt meir enn andre, mens andre er forholdsvis lite brukt.

Dei arenaene som er mest brukt er Data/IKT, trearbeide/materialgjenbruk og fruktavdelinga. Vi ser at desse avdelingane treff interessefelt til flest deltakarar som treng praksis internt før dei skal ut eksternt. Det er i hovudsak ei ung gruppe som blir søkt inn i AFT, og mange av dei har interesse for IT i ein eller annan form. Samtidig er det interesse for dei praktiske yrka, noko som kan ha ein samanheng med at det er eit variert arbeid og ein sitt igjen med eit synleg resultat som kan gje motivasjon og meistringsoppleving.

Butikkerket er det og fleir som kan tenkje seg som arbeidsområde, og i samband med dette er frukt og produksjon ei god arena. Lager og logistikk ser vi og kan vera ei god arena når det gjeld logistikkfaget, og dette er og ei god arena for øving til truckførarbeiset.

Vi ser og at glas/tekstil har vore aktuelt for dei kreative, samtidig er denne arenaen knytt opp til at ei kan øva på ei rolle innanfor miljøarbeid. Dette kan for nokon verta utfordrande då mange slit med utfordringar i psykisk helse og at ei slik rolle kan bli vanskeleg. Likevel ser vi at behovet for ei kreativ arena er til stades og at dette kan ha eit utviklingspotensiale i bedrifta.

I samband med at Gløde skal drifta kantina på Helsehuset i Knarvik ser vi for oss at dette vil verta ein god arena, då spesielt med tanke på at denne vert drifta i ute i ordinært arbeidsliv.

## **Tilbod i ordinært arbeidsliv**

Ved bruk av eksterne aktørar, opnar tiltaket AFT opp for eit større tilfang av arbeidsplassar for våre

deltakarar. Vi har i 2021 hatt deltakarar utplassert i næringane handel/service, film/bilde/data, skule- og barnehage, transport, helsefag og ulike formar for produksjon/industri. Det ordinære arbeidslivet er ein viktig samarbeidspart i tiltaket der deltakarane har ein større moglegheit for å utforske vidare karriereveg.



**Foto: Gløde AS. Ekstern formidling i AFT.**

## **METODAR I TILTAKET:**

I arbeidet med kvar einskild deltakar nyttar vi oss av ulike metodar:

- Individuelle samtalar og rettleiing
- Karriereverktøy/samtaleverktøy SCI / Inflow (Vip24) / Jobb PICs (eventuelle andre verktøy)
- Kurs i Tankevirus og Arbeidslivskunnskap
- Sosial trening, meistringsaktiviteter og opplæring i sosiale ferdigheiter og karriereferdigheiter
- Individuelle meistringsaktivitetar
- Opplæring i fag ved bruk fagplanar for yrket
- Praksis/hospitering internt og eksternt, tilpassa deltakar sine føresetnadar, ynskjer og behov
- Kompetansehevande kurs
- Samarbeidsmøte med NAV / helseteneste og andre aktuelle instansar
- Opplæring i korleis CV og søknad vert utforma

## Covid 19

På lik linje som 2020 har 2021 vært eit unntaksår, også i Gløde, og det har vore fleire rundar med stopp i praksis og moglegheiter for å møtast i same rom. Gløde hadde leita etter beste plattform for digital oppfølging, for dei deltakarane som kunne nyttiggjera seg av dette. Etter sommaren 2021 blei Teams det verktøyet me fann mest hensiktsmessig i oppfølginga, og som også er ein integrert samarbeidsplattform i resten av bedrifta.

Ventelistene for AFT blei i perioden frå 2020 til haust 2021 svært lang. Mykje av grunnen til dette var at deltakarene som hadde fått fleire opphald av den tette oppfølginga dei trong, fekk tilbake tida dei hadde mista. Det var lite grunnlag for avslutningar og gjennomstrøyminga var difor lav. I august 2021 løsna det litt og fleire vart avslutta. Dessverre såg vi at mange hadde lidd under nedstenginga og at helsebildet var svakare, og at det for fleire blei vanskeleg å finna strukturen igjen i kvardagen.

Da vi starta med å invitera inn nye deltakara frå ventelista, viste det seg at situasjonen for mange var endra seg og at fleire ikkje lengre var aktuelle for tiltaket. Situasjonen vart brått snudd, og me såg at ventelista var liten og til tider ikkje til stades.

I AFT har alle deltakarar individuell tilpassa oppfølging. Ein til ein samtalar er blitt gjort både i fysiske møte, over telefon og i videosamtalar. Oppgåver og kurs har og vore mogleg å gjennomføra for nokre av deltakarane.

Det viktige har vore at kvar deltakar skal føle seg komfortabel i situasjonen. Difor har vi også nytta oss av «walk-and-talk». I prosessen har det vore viktig å informere om korleis oppfølging skal gå før seg samt forventningar og krav i tiltaket.



**Foto: Gløde AS. Leiargruppa har praktisk opplæring i Glødepluggproduksjon**

## ÅRSSTATISTIKK

Frå 01.07.2021 gjekk Gløde AFT frå 42 tildelte plassar til 36 plassar

Rundt 2016 blei Gløde tildelt 5 AFT plassar i tiltaket Grønt arbeid, då som tiltaksarrangør, som skulle brukast eksternt, hos underleverandør. Det blei inngått ein avtale med Træland gard frå same år. I september 2021 sa Nav opp desse plassane, og avalen med Træland gard vart avslutta.

Pr. 01.01.2021 var det 35 aktive deltakarar i tiltaket. I løpet av perioden 01.01.2021 til 31.12.2021 har 33 deltakara starta i tiltaket AFT, medan 42 har slutta i løpet av året.

### Sluttårsak

Ordinært arbeid utan lønstilskot:	4 personar
Ordinært arbeid m/lønstilskot:	3 personar
Utdanning, eigenfinansiert:	2 personar
Tiltaket AMO:	2 personar
Annet aktive løysingar:	18 personar –
under dette:	

Sjukdom/medisinsk/sosial rehabilitering:	9 personar
Søkt/fått uførepensjon:	1 person
Annet, inga aktive løysingar:	1 person

Gjennomsnittleg opphald i tiltaket har vore 11,8 månadar, mykje likt 2020 som var 11,22 månadar. Grunna Covid-19 har Gløde i 2021 og som i 2020, tidvis hatt større utfordringar med å få til arbeidstrening internt og eksternt som følge av restriksjonar knytt til smittevern. NAV har likevel hatt eit ønske om at deltakarar skal stå i tiltaket, og få oppfølging frå rettleiar. Oppfølging har i lengre periodar blitt gitt digitalt, og vi har, som andre tilsvarande aktørar, ikkje hatt gjennomstrøyming i tiltaket som ønska.

Fordeling alder for dei som slutta i perioden 01.01.2021 - 31.12.2021:

Under 25 år	21 personar
Over 25 inntil 35 år	18 personar
Over 35 inntil 55 år	2 personar
Over 55 år	1 person

## Arbeidshindring

For 2020 og 2021 har vi opplevd at deltakarane sine helsemessige utfordringar er meir belyst samanlikna med tidlegare år. Psykiske lidingar utgjer framleis hovudtyngda blant deltakarane våre. Vi opplever også at deltakarane er blitt yngre samanlikna med tidlegare år.

## PROSJEKT I AFT

I 2020 har avdelinga starta to ulike prosjekt knytt til kartlegging og arbeidsinkludering.

**Prosjekt Gløde Data** skal som utgangspunkt bidra til å styrke avdelinga sin moglegheit til å

kartlegge deltakarane betre. Arbeidsoppgåvene består primært i sletting og destruering av PC, mobiltelefon, nettbrett og minnepenn etc.

Utstyret vert henta frå ordinære kundar, både frå bedriftsmarknad og privatmarknad. Ved oppstart i avdelinga vert det avklart kva for oppgåver deltakar har forutsetning for å gjere, og kva for oppgåver ein kan tenke seg å lære.

Gløde Data legg også til rette for at deltakarane blir med gjennom heile prosessen, frå innhenting av utstyr frå kunde til det er bekrefta at utstyret er sletta eller destruert i tråd med gjeldande retningslinjer. For fleire av våre deltakarar kan det vere aktuelt å gjennomføre ekstern arbeidstrening hos kundar som nyttar seg av tenesta.

I einstilte høve får deltakarar tilført kompetanse innan aktuelle program og verktøy, dette for å styrke eigen kompetanse. Ved overgang til ekstern arbeidstrening håper Gløde at deltakar blir enda meir attraktiv på arbeidsmarknaden.

I 2021 har Gløde Data to store kundar, IKT Nordhordland og Frank Mohn. Dette gir oss mykje godt arbeid og er ein god arbeidstreningsarena for dei mange ungdommane som har interesser innanfor IT, data og gaming. Avdelinga er i ein prosess det vi ser på ulike variantar av korleis vi kan gjera avdelinga best mogleg for deltakarane, blant anna god utnytting av lokalet som gjer det attraktivt for dei som jobbar der og for dei som ynskjer å nytta seg av tenesta.

## Digital plattform

I 2021 landa AFT og Gløde på TEAMS som den digitale plattformen vi ønsker å nytta oss av. På denne måten kan vi når nødvendig, følge opp deltakara digitalt og tilby ulike oppgåver og enklare kunne dokumentera fagleg påfyll for deltakarane.

## KVA MED 2022?

2021 har på mange måtar bydd på dei same utfordringane som 2020. Samstundes må vi sjå på kva styrkar og lærdommar desse utfordrande åra har gitt oss.

Gløde Data er i stadig utvikling, og vi ser no eit omriss av korleis vi ynskjer denne avdelinga skal vera. Det er fleire oppgåver på denne avdelinga som kan styrka deltakarane sin kompetanse om IT-utstyr. Det er og ein arena der eksterne kundar kjem inn for å handla brukt utstyr, og som og gir deltakarane eit innblikk i kundeservice og verdien i gjenbruk.

Utdannet.no har vore nytta for å auka deltakarane sin yrkesfaglege kompetanse i tidsrom dei har vore i tiltak. Tankevirus er et kurs AFT starta å tilby i 2021 og som og har vore mogleg å tilby digitalt. Dette er ein prislønna metode som er retta mot førebygging og tidleg behandling av lette til moderate psykiske plagar. Kurset vert tilbydd i gruppe og individuelt.

I 2022 vil vi ha fokus på å heva formidlingsstatistikken. Det er og viktig at dei deltakarane som ikkje kjem i arbeid sitt att med ein meirverdi og kompetanse som kan styrka moglegheitene om jobb eller utdanning på eit seinare tidspunkt. Interne arenaer og eit godt samarbeid mellom arbeidsleiar og rettleiar, samt at opplæringsplanar vert tatt i bruk i større grad, er noko vi jobbar for. Jamlege samarbeidsmøte med Nav for å kvalitetssikra forståinga og avklara forventningar frå begge, er ein god arena for at vi skal nå måla våre.

## FAGOPPLÆRING

Gløde er godkjend opplæringsbedrift innan faga ernæringskock (institusjonskock), restaurantkock, møbelsnikkar, logistikk og kontor- og administrasjon. På dei ulike arenaene vert det arbeida etter fagplanar for desse faga, men med tilpassingar til kvar einskild arbeidstakar. Det er og plukka ut mål frå andre læreplanar vi ser det er aktuelt å bruke i Gløde: Trelastfaget,

glasshandverkarfaget, salsfaget, handvevarfaget, byggdriftarfag (vaktmeister) og helsearbeidarfaget.

Vi ser at oppfølging av deltakarar i ulike tiltak vert styrka ved bruk av mål i opplæringsplanen, sjølv om desse måla må omarbeidast og plukkast frå kvarandre for å vere tilrettelagd for den enkelte arbeidstakar. Og kanskje det er grunna omarbeidinga som er ei styrke i oppfølgingsarbeidet. Vi får meir dokumentert kva den enkelte gjer, og arbeidet vert meir målretta.



Foto: Gløde AS

## LÆRLINGAR

Gløde har frå februar 2021 skrive lærekontrakt med arbeidstakar i VTA som no har status som lærling i logistikkfaget. Lærlingen har gjennomført programfaget i logistikk våren 2021 med utmerka resultat. No gjennomfører lærlingen utdanning i faget med mål om å gjennomføre alle faglege mål i faget.

Gløde er medeigar i Opplæringskontoret AMB for tilrettelagt opplæring. Når det vert skrive lærekontrakt/opplæringskontrakt med lærling/lærekandidat og denne høyrer til distriktet vårt (elevlar frå dei vidaregåande skulane Austrheim og Knarvik), blir Gløde tilretteleggjar i læreløpet for vedkommande. Det vil seie at vi er

## TILTAK


opplæringskontoret si forlenga arm ut mot lærling og lærebedrift, og skal ha tilrettelegginga av opplæringa ut i verksemdene. Gløde er tilretteleggjar for lærekandidat og bedrift, og skal ha oppfølging av begge partar gjennom heile opplæringstida. I 2021 har vi hatt tilretteleggingsansvar for 1 lærekandidat i bedrift der kandidaten bestod kompetanseprøva hausten 2021.

### ELEVAR

Gløde har avtale med Hordaland Fylkeskommune om elevplassar frå vidaregåande skular. Fylkeskommunen finansierar utprøvinga. Vi har i mange år hatt elevar på slik utplassering i skuletida. Dette er som oftast elevar som har tilrettelagt undervisning og som treng tilrettelagt arbeidsutprøving og trening.

I 2021 har vi hatt 6 elevar på utprøving i kortare eller lengre periodar. Utprøvinga tek utgangspunkt i behova og ønska til elevane og kan gå føre seg på alle våre arbeidsarenaer.

# ORGANISASJON




## Organisasjon


Organiseringa i Gløde er i endring på fleire område. Gløde har som følge av Nav sine godkjenningskrav for attføringsverksemdar, måtta omorganisera verksemda og skilja ut verksemd som ikkje er uløyselig knytt til attføring. For Gløde sin del dreier det seg om utleige av leilegheiter, samt møte- og festlokale. Denne prosessen har vore under planlegging lenge, men ble godkjent i generalforsamlinga i 2021 med verknad frå 2022. Dette gjer at vi frå årskiftet har flytta attføringsverksemda over i eit dotterselskap: Gløde Arbeidsinkludering, og eigedomane vert igjen i Gløde AS. Seinare vil vi også skifta namn på selskapet. Dette har vore ein kostbar, tidkrevjande og komplisert prosess som måtte gjennomførast for å oppretthalde tiltaksgodkjenninga for VTA- og AFT-tiltaka. Vi har utover dette måtta tilpassa bemanninga til ny inntektssituasjon, og også denne prosessen vil halde fram i 2022. Pga. fråvær har Thomas

Knudsen fungert som leiar for Gløde AS sidan februar 2021.

(morselskap) Gløde AS (Skiftar namn til Gløde Utvikling AS)



(dotterselskap) Gløde Arbeidsinkludering AS (Skiftar namn til Gløde Utvikling AS)





# ORGANISASJON

## ORGANISERING AV VERKSEMDA

### Administrasjon

Økonomi, kvalitetssikring, IKT og telefoni, HMS, HR, fakturering, arkivering, merkantile tenester, koordinering av VTA-tiltaket, tre- og gjenbruk. 7 årsverk og ein person som er utleidd i 60% stilling.

Gjenbruksavdelinga har fram til hausten 2021 vore prosjektorganisert og underlagt administrasjonen. Frå august er denne eininga lagt inn under logistikk og service og slått saman med treavdelinga, og frå 2022 også slått saman med vaktmeistertenesta.

### Marknad, utvikling og sal

Vi oppretta i 2020 ein marknadsavdeling med to personar, leiar og ein seljar i 50% stilling. Seljar har i 2021 ikkje vore knytt til avdelinga, men er brukt «prosjektbasert».

Arbeidsoppgåvene til avdelinga er utvikling, prosjektarbeid, anbod, synleggjering av Gløde, marknadsføring og sal.

### Logistikk og Service

Arbeidsområde: Kantine og catering, transport, lagertenester, pakking, montering, gjenbruk- og tre frå haust 2021. Desse er alle arena for VTA-, KTA-, AFT- deltakarar.

Her er det 9 ordinært tilsette, 2 av dei med ulike former for tilskot, 16 personar i VTA-stillingar, 1 KTA-deltakar og ein arbeidstakar utan tilskot.

### Frukt og produksjon

Arbeidsområde: Jobb-/skulefrukt, tekstil, glas, produksjon av opptenningsruller, pakking, butikk, vaktmeister, gardsarbeid. Arena for VTA- KTA- og AFT-deltakarar

11 ordinært tilsette, 14 VTA-deltakarar og 9 KTA-deltakarar

### AFT og Lærlingar (Kompetanse og attføring)

Administrering og oppfølging i tiltaket AFT (Arbeidsførebuande trening),

lærlingar/lærekandidatar, skuleelevar. Fragmenta/Ekspertbistand og Gløde Data.

9 ordinært tilsette, 38 AFT-plassar frå januar 2021 og 36 frå 01.07.21 pluss 5 plassar i Grønt Arbeid (avslutta hausten 2021).

### Leiargruppa

har i 2021 bestått av dagleg leiar, Bjørn-Arild Herfindal, Administrasjonsleiar, Thomas Knudsen, Marknad- og utviklingsleiar, Vibeke P Valestrand, Avdelingsleiarar Gry I Takle, Bjørn Thorsheim og Tryggve Gran. Tryggve Gran avslutta arbeidsforholdet i Gløde sommaren 2021. Åshild Langeland har overtatt som teamleiar i avdeling attføring- og kompetanse. Thomas Knudsen har gjennom store delar av 2021 fungert som dagleg leiar i Bjørn Arild Herfindals fråvær.

## ORDINÆRT TILSETTE

Gløde hadde ved årsskiftet -2021/2022 ein stab på 30,5 årsverk / 38-personar. Av desse er 29 personar direkte knytt til tenesteyting. Gløde har kompetente medarbeidarar i alle ledd. Til saman dekker vi mange fagfelt og har solid erfaring frå privat og offentleg verksemd, helsevesen og offentleg forvaltning samla på ein stad.

- Pedagogisk kompetanse
- Helse- og omsorgsfag
- Leiing og administrative fag
- Humanistiske fag
- Industri og handverksfag

# ORGANISASJON

- Arbeidsinkluderingskompetanse



Ruth-Kari vert takka av og går over i pensjonistane sine rekker.  
Foto: Gløde AS

## VERKSEMDA EIG FØLGANDE LOKALE

- Havnevegen 15.  
Produksjonslokale og 4 leilegheiter.
- Havnevegen 11.
  - Produksjonskjøkken, kantine, møterom, undervisningsrom, kontor og 4 leilegheiter.
- Mjåtveitflaten 33-37.
  - Kontor, møte-/undervisningsrom, data og utvikling, Produksjons- og lagerlokale for Logistikk og serviceavdelinga

## TILDELTE RAMME OG GODKJENDE PLASSAR PR. 31.12.21

- 36 AFT-plassar
- 25 VTA-plasser
- 13 personar med avtale om kommunale plassar (ikkje tildelte plassar)

## ORGANISASJON

Styret i Gløde	Namn
Styreleiar	Nils Marton Aadland
Nestleiar	Steinar Raa
Medlem	Åshild Aamli
	Anne Grete Eide
	Rolf Svendsen
	Kristina Vakt skjold Hamre
Medlem og representant for dei tilsette	Rune Myhr Vara: Håvard Stusdal
Representant for deltakarar (tale- og forslagsrett)	Svein Skjelanger Vara: Anne Grethe M. Tvedt
Vara	Sølvi N Gripsgård Knudsen
	Tore Augen Hansen

-

Aksjeeigarar	Aksjedel
Alver kommune	51,39
Tidlegare Meland Kommune	
Tidlegare Lindås Kommune	36,08
Tidlegare Radøy Kommune	10,64
	4,65
Vestland Fylkeskommune	7,09
Meland lokallag NFU	5,99
Framo Flatøy AS	5,37
Norges Handikapforbund Meland	4,79
Sparebanken Vest	3,55
Meland Helselag	3,59
Austrheim Kommune	2,73
Helge Vidar Larsen	2,40
Masfjorden Kommune	2,02
Norsk Hydro	1,77
Steinar Knudsen	1,20
Karl G Oppsahl	1,20
Per Sæthre (etterkommarar)	1,20
Ingvald Bastesen	1,20
Johan Alv Andersen	1,20
Gunnar Vetlejord	1,20
Equinor Mongstad	1,06
Fedje Kommune	0,92
Advokat Olav Jordal (etterkommarar)	0,07
Nordhordland Handverk og Industrilag	0,07
	<b>100%</b>



## Økonomi

Førebels rekneskap syner driftsinntekter på 29 215' mot 38 617' året før. Reduksjonen i omsetnad skuldast dels pandemi som har medført redusert omsetnad, spesielt innan catering, frukt og transport, og reduserte tiltaksrammar i AFT-tiltaket. Driftskostnadene var i 2021, 31 061' mot 39 297' året før. Gløde gjennomførte ein rekke tiltak for å redusera utgiftene, men har likevel ikkje klart å koma i balanse ila. 2021.

Førebels rekneskap syner eit underskot kr 2 187' i 2021, mot eit underskot på kr 1 093' i 2020. Gløde fekk noko kompensasjon av omsetnadstap i 2021 frå kommunale tilskotsordningar.

Det har vore svært krevjande å budsjettera i seinare år da vi har satsa på nye arbeidsområde der vi ikkje har erfaringstal å byggje på, samt å spå konsekvensane av koronapandemien og varierende deltakartal i AFT-tiltaket, skapar ein lite forutsigbar inntektssituasjon.

## Oversikt over arbeidsfelt i verksemda

### KJØKKEN OG KANTINE

Gløde AS sitt kjøkken og kantiner er kjend for god mat og nøgde kundar. Kokkane våre held høgt fagleg nivå og har erfaring frå restaurantar og kantiner. I tillaging av mat vert det lagt vekt på høg kvalitet, god smak og delikat anretning.

Vi driftar vår eigen kantine for tilsette i Havnevegen 11 / 15 på Frekhaug. Vi leverer også catering i Nordhordland og Bergen, og i tillegg har vi utleige av møte- og selskapslokale, som også omfattar at vi leverer maten. Gløde AS er godkjend lærebedrift i kokk restaurant og storkjøkken.

Vi avslutta drifta av kantina i rådhuset på Frekhaug våren 2021. Eit ønske om å utvide kantinedrifta i Alver kommune låg bak da Gløde i slutten av november 21 leverte anbod på drift av kantina i Helsehuset i Knarvik. Vi har no fått tildelt dette oppdraget. Denne kantina vil verta driven under den kantinedrifta vi har i dag, men med egne ressursar. Planlagt oppstart: Mai 2022.



Fagleg leiar på kantina. Foto: Gløde AS

### DRIFT OG VEDLIKEHALD

Gløde AS tilbyr arbeidstrening ved drift- og vedlikehaldsavdeling der arbeidsoppgåvene er innanfor vaktmeistersteneste på egne bygg og eigedom samt driftstenester i Frekhaug Senter.

Arbeidsoppgåvene består av ansvar for vedlikehald av bygg og eigedom og drift av tekniske anlegg. Deltakarar vert opplært i planmessig drift av bygg og eigedom, og vert involvert i vedlikehaldsplanar, brannvernsarbeid og sikring av bygg og eigedom. Vidare inneheld opplæringa/arbeidsoppgåvene bruk og vedlikehald av teknisk og mekanisk utstyr.

### GJENBRUK, SNEKKER/TREARBEID

Gløde har slått saman tre- og gjenbruksavdelinga i 2021. Dei har fast tilhaldsstad i produksjonshallen på Mjåtveit. Forretningsideen er gjenbruk av material og byggjeverar, med mottak av materialar frå entreprenørar, byggeplassar og riving av bygg. Materialet vert nytta i eigenproduksjon og for sal brukte materialar.

På avdelinga vert det produsert treartiklar til industrien, hage- og sittebenkar, postkassestativ, bospannskjularar m.m. Avdelinga gjev opplæring produksjon av treprodukt, handtering av verktøy, maskinar, HMS og dokumentasjon knytt til dette. Arbeidsfeltet har gode treningsplassar for VTA og AFT.



Gyngbenk frå Gløde tre- og gjenbruk. Foto: Gløde AS

# OVERSIKT OVER ARBEIDSFELT I VERKSEMDA



**Foto: Francisco Photography. Lager på Mjåtveit.**

## LAGER OG LOGISTIKK

Gløde AS har lagerhald av røyrklammer for Framo, samt lager av O-ringsett for Bergen Engines AS. Arbeidet på lager-/logistikkavdelinga er montering av klammersett, ordrepakking, pakking av O-ringsett, pakningssett og reparasjonssett til skipsmotorar, kvalitetskontroll, truck køyring, dagleg kontroll av truck, varedeklarasjon, følge plukklister, kontroll av eige og andre sitt arbeid, og logistikksystem på data. I tillegg monterer vi gummipakningar i vindaugslister for Lyssand Frekhaug. Gløde vart i 2020 godkjent som opplæringsbedrift i lager-/logistikkfaget og kan tilby fagopplæring til aktuelle kandidatar.

## TRANSPORT

Arbeidet på transportavdelinga gjeld ulike transportoppdrag av eigne produkt samt transportoppdrag for eksterne oppdragsgivarar. Arbeidet består av lessing, lossing, sikring av last, køyring av varebil (Nordhordland, Bergen, Askøy), vera sidemann, levering, handtering av køyresetlar, planlegging av ruter og kundekontakt. Vidare inngår reinhald og enkelt vedlikehald av bilane. Frå 2021 satsar vi også på bodbiltransport og håpar å utvikla dette som ein nytt forretningsområde.

## KONTOR OG ADMINISTRASJON

Gløde blei i 2020 godkjent i kontor og administrasjonsfaget og kan tilby fagopplæring til aktuelle kandidatar. For dei rette kandidatane kan vi tilby arbeidstrening innanfor kontorfaglege oppgåver som sentralbord, kundebehandling, fakturering, arkivering, arbeid i ulike dataprogram.

## MILJØARBEID

Ved Gløde kan vi også tilby arbeidstrening og opplæring i miljøarbeid. Dette arbeidsområdet passar for dei som har interesse for og ynskjer seg inn i et arbeid innanfor til dømes helsefag, vernepleie og som miljøarbeidar (dagsenter og liknande).

## GLASPRODUKSJON

Gløde lagar ulike artiklar i glas. Arbeidet består i mange element frå oppkutting av ulike glastype, måling på glas, forme dekorative mønstre og brenning i omn. Det er hovudsakleg deltakarar i VTA som deltek i denne produksjonen.



**Foto: Gløde AS**

## FRUKTAVDELING (SKULEFRUKT/JOBBFRUKT)

Pandemien har ført til sterk reduksjon av levering av frukt. Frå å levere om lag 420 fruktkorger til bedrifter i Nordhordland og Bergen, har vi i løpet

## OVERSIKT OVER ARBEIDSFELT I VERKSEMDA

av pandemien vore ned i drøyt 100 korgar pr. veke, noko som har vore utfordrande, økonomisk, men også i høve at dette er gode arbeidsoppgåver for mange av våre arbeidstakarar. I tillegg vert det pakka og levert skulefrukt til skular i Nordhordland, Bergen og Askøy. Det er både deltakarar i VTA, AFT og elevar som deltek i dette arbeidet.

### TEKSTILARBEID:

Vi tilbyr arbeid med klipping, merking og sying av støvhetter til å beskytte av røyr og maskindelar under transport. Veving av filleryar og produksjon av andre tekstilartiklar. Denne avdeling er tilrettelagt for deltakarar med stort tilretteleggingsbehov i VTA og kommunale tiltak.

### PAKKING

Gløde har oppdrag frå ulike verksemdar på pakking av O-ringsett, pakningssett og reparasjonssett til skipsmotorer og posepakking av monteringssett for røyrklammer. Dette er eit tilbod til gruppa med stort tilretteleggingsbehov i VTA og kommunale tiltak.

### GLØDEPLUGG – OPPTENNINGSBRIKETTAR

Produksjon av opptenningsbrikettar for omnar og bål. Vi har avtale om utsal gjennom ulike butikkar og direktesal gjennom lag- og organisasjonar. Vi har tilrettelagt produksjonen slik at dei fleste i VTA/kommunale tiltak kan ta del i dette arbeidet.

### PAKKING AV JORD FOR MIKROGRØNT AS

Gløde inngjekk i 2019 samarbeid med Mikrogrønt AS om å pakke jord i beger for denne bedrifta. Mikrogrønt brukar desse vidare til dyrking av ulike urter som vert selde til BAMA og ulike restaurantar og hotellet. Dette arbeidet gir nye moglegheiter for fleire av våre arbeidstakarar og innhaldet passar godt til Gløde sin miljøprofil. Denne arbeidsoppgåva er flytta over til gardsarbeidet på Seim.



Foto: Gløde AS

### KABELSKRELLING

Gløde starta ved inngangen til 2021 med kabelskrelling av el-kablar for gjenvinning av kobbar og aluminium. Dette er eit arbeidsområde som gir tilrettelagte oppgåver deltakararar med ulik arbeidsevne og funksjonsnivå. Dette gir også arbeid til transportavdelinga.



# OVERSIKT OVER ARBEIDSFELT I VERKSEMDA

## GLØDE DATA

Med Gløde Data har vi eit tilbod til gruppa av deltakarar som har interesse for informasjonsteknologi (IT) og ønskjer oppgåver innan data. Gløde Data har inngått avtale med IKT-Nordhordland om mottak av utrangert it-utstyr, og utfører sikker sletting og destruering. Vi har også skaffa oss fleire kundar, og vi har hatt ein god oppgang i sal av brukt datautstyr.

I Gløde Data tilbyr vi relevante oppgåver innan sletting og destruering av elektronisk utstyr, som PC, mobiltelefon, nettbrett, minnepennar etc., klargjering av utstyr som kan gjenbrukas og seljast, enklare support internt i bedrifta, avfallshandtering, opplæring i komponentar og opplæring innan ulike program og system. Gløde samlar inn, sletter eller destruerer lagringsmediet enten i deguasser (for eldre media med magnetfelt) eller i ein schredder som malar opp einingane til små partiklar. Vi kan og slette med Software dersom det er aktuelt med gjenbruk av lagringsmediet.



## Utvikling og samarbeid

Utviklings- og forbedringsarbeid er svært viktig for ei verksemd som Gløde, og vi har frå 2020 eiga avdeling for marknad- og utviklingsarbeid. Målet er at Gløde skal vera ein innovativ og offensiv verksemd som kontinuerleg arbeidar for skaffa nye oppdrag og er vere godt synleg i marknaden. Innhaldsproduksjon på heimeside og i sosiale media, marknadsdag, stand på Knarvikmila samt annonsekampanjar pr. e-post, telefon, lokalaviser og sosiale media har gitt oss noko auka sal samt meir merksemd.

Vi får også auka merksemd ved å vere til stades i ulike fora, som nettverk i Nordhordland Næringslag.

For å kunne oppfylle krava i samfunnsoppdraget vårt, er eit godt og fruktbart samarbeid med NAV ein viktig faktor for utvikling og forbedring.

Hausten 2021 har vi også hatt besøk av eit filmteam frå Nordnes Verksteder som skal lage reklamefilm om vekstbedriftene i Nordhordland.

### OK AMB

Gløde er medeigar i OK AMB (Opplæringskontoret Arbeidsmarkedsbedriftene). OK AMB er eit supplement til andre opplæringskontor, samt ein samarbeidskanal for alle arbeidsmarknadsbedriftene i Hordaland. Konseptet er å tilby opplæring for lærekandidatar og lærlingar som har behov for tett oppfølging i læreløpet. I 2021 har det vore jobba med å etablere ei ordning for tilrettelagt fagopplæring etter modell frå Viken. Gløde har saman med Nordnes Verksteder, Spekter Pluss, Grønnevikens Industrier, Knarvik Miljø og Industri, Årstad VGS, Knarvik VGS, OKAM og OKTF (Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring i Sogn) vore med på å jobbe fram eit forslag til prosedyre for lærekandidatordning i Vestland. Dette er eit forslag til prosedyre / gjennomføringsplan for lærekandidatordninga 2+2

for elevar med rett til spesialundervisning og som i utgangspunktet har rett til ein tilrettelagt arbeidsplass. Forslaget ligg no hos Vestland Fylke der det pr. utgongen av 2021 ikkje er gjort vedtak i saka.

### MILJØFYRTÅRN

Gløde har vore miljøsertifisert sidan 2019. I samband med sertifiseringa er det jobba mykje med miljø- og klimatiltak knytt til sjukefråvær, papirforbruk, fokus på kjøp av miljømerka produkt og innkjøp frå miljøsertifiserte produsentar/grossistar, fokus på miljøvennleg transport, redusera svinn og avfall, betre kjeldesortering og betre system på deklarerer av farleg avfall, samt sikring for å unngå at det forureinar til luft og vann. Grunna korona har både energiforbruk og avfallsmengde gått ned. Transportoppdraga dei siste åra har og vore redusert, slik at ein har eit lågare drivstoffbruk enn normalt.

### ISO 9001:2015

Gløde gjekk over til ISO 9001:2015 standarden i staden for Equass og vart sertifisert i september 2019 og hadde oppfølgingsrevisjon i september 2021 Vi jobbar kontinuerleg for å betre kvalitetsleiinga i verksemda.

### ANBODSARBEID

Gløde har i 2021 levert to tilbod i samband med offentlege anskaffingar. Begge tilboda vart levert i november 2021. Det eine handla om levering av frukt til ein større verksemd i Bergen (Norge), det andre tilbodet var levering av kantinetenester for Region Nordhordland Helsehus. Begge desse anboda gjekk i vår favør.

### EKSPERTBISTAND / FRAGMENTA

Ekspertbistand Fragmenta er blei utvikla i 2020 og er ei tenesta som skal levere ekspertbistand i sjukefråværsarbeid for bedrifter. Tenesta var fram

til sommaren 2021 organisert under Gløde  
Kompetanse og attføring.

**Strilen**



Nyheiter

## Ekspertbistand skal få arbeidstakarar tilbake i jobb

Bedrifter som slit med sjukefråvær kan no få hjelp frå ekspertar på problemløysing i arbeidslivet.



Marknadsansvarleg Simon Wiig Andersen, fagansvarleg Carina Haugsdal og prosjektleiar Tryggve Gran i Fragmenta skal bistå bedrifter som vil få bukt med sjukefråvær. **Foto: Kjell Arne Steinsvik**

Av **Kjell Arne Steinsvik**

### 2022

Gløde vil i 2022 satse vidare på utvikling av eksisterande varer og tenester, samt jobbe med utviklings- og innovasjonsarbeid med tanke på nye tenester og forretningsområde.

# UTVIKLING OG SAMARBEID

## SAMARBEID

- Tett samarbeid med dei ein skilde rettleiarane på mange ulike NAV-kontor rundt kvar ein skild sak
- Samarbeid med ulike helsetenester og spesialisteiningar i ulike saker.
- Samarbeid med etatar og tenester for å bistå deltakarar i ulike saker.
- Samarbeidsmøte med NAV
- Tett dialog med NAV Vestland og regionkontor, samt NAV Arbeidslivssenter.
- Samarbeid med fleire vidaregåande skuler om praksisplassar
- Samarbeid med dei andre attførings- og tiltaksbedriftar vedrørende opplæringskontor for tilrettelagt opplæring
- Aukt samarbeid mot lokal verksemd – utleige av deltakarar i VTA og AFT og ordinært tilsette.
- Besøk av Grønnevik
- Medlem av Nordhordland Næringslag, og vi deltek fast på møter og arrangement
- Deltaking Næringslaget sine nettverk
- Medlemskap i ASVL.
- Vi har deltatt på ulike møter og konferansar i regi av ASVL og Arbeid og inkludering
- Tett samhandling med ei rekke verksemd i næringslivet.
- Samhandling med Træld Gard om AFT-tiltaket Grønt arbeid.
- Erfaringsutveksling med andre tiltaksarrangørar i vår og andre regionar



Ein del av leiargruppa i Gløde på tur i skogen.

## Kompetanseheving

2021 har, som 2020, vore eit unntaksår når det gjeld kompetanseheving. Pandemien har satt ein stoppar for reiseverksemd, men det har dukka opp mange nye digitale tilbod. Fleire har delteke på elektroniske samlingar og webinar, som har blitt den nye normalen i mange samanheng.

I november 2021 fekk vi samla heile personalgruppa til personalsamling i våre eigne lokale. Dette var første samling på to år, og vi klarte å gjennomføre minikurs og seminar med eigne lokale krefter.

Veilederteamet i AFT har hatt fysisk kurs om Aspergerdiagnose, og vi har saman med dei andre vekstbedriftene i regionen gjennomført eit kurs om epilepsi. Ein arbeidsleiar har gjennomført kurs over 6 dagar om grunnleggande ferdigheiter i VTA-tiltaket.

Leiar for Marknad og utvikling har delteke på kurs og webinar innan presentasjonsteknikk, digital oppfølging og avstandsleiing, innhaldsproduksjon og sosiale media.



**#allekan**

Vi vil satse meir på kompetansehevande tiltak i 2022 og har som mål å ha oppdatert og konkurransedyktig kompetanse innan alle våre arbeids- og tenestemråde. Opplæring deler vi inn i «Arbeidsretteiing», «Kartlegging, rettleiing, prosess, formidling» og «Leiing – styring – kvalitetssikring» (etter kursmal frå ASVL), og opplæringa skal innehalde alt frå enkle nettbaserte kurs, større kurs som inneber reise og kurs/webinar vi står for sjølve. Det er også på planen ei kompetanseheving i form av kurs for våre arbeidstakarar i tiltak. Alt må gå føre seg innanfor våre økonomiske rammer, noko som kan føre til endring og utsetjing av planar.

## Sertifisering

### ISO 9001:2015

Gløde AS jobbar kontinuerleg med betring av kvalitet, rutinar og prosedyrar. Gløde er frå 2019 ISO-sertifisert etter kvalitetsstandarden i ISO 9001:2015. ISO-standarden er betre kjend kvalitetsstandard i næringslivet enn vår tidlegare sertifisering i Eqvass. ISO er i tillegg ein anerkjent og god kvalitetsstandard for både tenesteyting og produksjon. Gløde har vald å innlemma heile drifta i ISO-sertifiseringa. Vi vart sertifisert i september 2019 som gjeld for 3 år, og med ein årleg oppfølgingsrevisjon.

Sist oppfølgingsrevisjon var i september 2021. Våren 2022 skal vi sertifiserast på nytt.



### MILJØFYRTÅRN

Gløde er sertifisert som Miljøfyrtårn i frå mars 2019. Det blei i samband med sertifiseringa jobba mykje med miljø- og klimatiltak i verksemda. Det skal kvart år sendast inn ein miljø- og klimarapport til Miljøfyrtårn. Sertifiseringa gjeld for 3 år.





TLF. 56 17 58 00

[WWW.GLØDE.NO](http://WWW.GLØDE.NO)



DU FINN OGSÅ GLØDE PÅ [LINKEDIN](#), [FACEBOOK](#) OG [INSTAGRAM](#)